



Årsmøtet 2020

Referat

Årsmøtet blei avholdt fredag 28. februar, på klubbhuset. Følgjande personar var til stades:

Sigbjørn Tjønnås; Bjørnar Nygaard; Karsten Pedersen; John Auver Øygarden; Toralf Bergskås; Kjell Nordbø; Ingar Tjønnås; Hans M: Skoe; Anne Kirsti S. Torekåsa; Marianne Lillebø; Steinar Dahl; Gunnar Snippen; Bård I Freberg; Tor Sisjord; Alf Hvitsand; Jostein Bøen; Gunnar Rønningsland; Kjell Tjønntveit; Kjell Arne Torekåsa; Atle Tjønnås; Thomas Bay; Cecilie Solli Arbrestsen; Svein Mikelborg.

Valg av ordstyrar.

Valgt blei formannen, Jostein Bøen.

Årsmelding for 2019.

Formannen referera årsmeldinga.

Aktivitetsutvalget.

Dan Sindre Aksberg er oppført med feil namn, Asberg.

Elveutvalget.

Formannen presisera at løyvinga på kr. 100 000 frå Vestfold og Telemark Fylkeskommune er gjeve til Midtre Telemark Vannområde, ikkje Bø Fiskelag.

Når det gjelder kraftverksplanane har Rådmannen i Midt- Telemark kommune tilrådd å ikkje handsama denne saka på nytt. Dette vil truleg verka ugunstig for vår haldning i saka. Bjørn Olav Haukeliseter har sett seg i spissen for danning av ei aksjonsgruppe for å samle underskrifter for nyhandsaming. Dersom ein får minimum 300 underskrifter må saka handsamast på nytt. Sigmund Sevatdal har sagt seg viljug til å vèra vår representant i gruppa. Dette er godkjent av styret.

I årsrapporten etterlyste utvalgsleiaren ein klar strategi for Bøelva som fiskeelv. Skal vi arbeide for å fremja lakse- eller aurebestanden, eller begge delar?

Formannen meinte at ein i Elveutvalget ikkje bør tala om laks eller aure, men om fiskebestanden generelt.

Med disse opplysningane/merknadene blei årsmeldinga godkjent.

Regnskap for 2019.

Kasseraren refererte regnskapet, som blei godkjent utan merknader.

Budsjett for 2020.

Kasseraren gjekk igjennom budsjettet, som blei godkjent utan merknader.

Valg.

Formann, kasserar, sekretær, varamann *Gunnar Rønningsland*, og valgnemnd var på valg. Sekretær *Svein Mikelborg* hadde fråsaugt seg gjenvalg. Han hadde foreslått *Karsten Pedersen* i sin stad, og denne var viljug til å overta. Årsmøtet godkjente dette.

Alle dei øvrige blei gjenvalde. Ved konstituering av styret kan det i prinsippet skje omrokkingar.

Revisorane velgjast ikkje på vanleg måte, men dei har hatt oppgåva i mange år, og vi går ut ifrå at dei er viljuge også denne gongen.

Alle utvalgsleiarane blei gjenvalde.

Sak fremma av Lifjellutvalget: *Kultivering av Lifjell. Kven har ansvaret ?*

Lifjellutvalget hadde på førehand sendt styret utgreiinga nedanfor om problemstillinga, og eit saksframlegg, og utvalgsleiararen utdjupa dette munnleg.

Saksgrunnlag:

Vi i Lifjellutvalget har gjort en del observasjoner på de vannene vi i Bø Fiskelag råder over. Den generelle observasjonen er at det er mye små fisk i de aller fleste vann og kondisjonen på de fleste fiskene er middels eller dårlig.

Det er ikke mangel på antall fisk på Lifjell. Det er mange vann med høy produksjon og som i veldig manges øyne ikke er attraktive vann å reise opp til for å besøke. Vi i Lifjellutvalget mener at vi bør gjøre fjellet mere attraktivt for også de som ønsker å ha mulighet til å få en litt større fisk

Vi har sett på hvilken innflytelse vi kan ha på fisketettheten og på kvaliteten ved å kartlegge de vann som ikke har naturlig gyting og de som har høy egenproduksjon av fisk. Ved høy egenproduksjon i et vann, så har vi i Fiskelaget liten eller ingen mulighet for innflytelse. I de vann som ikke har naturlig gyting, kan vi i Fiskelaget styre mengden, størrelsen og kvaliteten.

Vann med naturlig gyting:

Skåråfjellholmen, Sandtjønn, Storsteinstjønn, Rjuptjønn, Holmen, Klokksteintjønn, Småholmen, Skardtjønn, Mjeltetjønn.

I disse vanna er det lite vi kan gjøre for å påvirke fisketetthet og kvalitet, siden det er altfor gode gytemuligheter til å kunne overstyre naturlig tilvekst. Her er det mye fisk og lettere å få fisk for unge fiskere.

Vann uten gytemuligheter

Sautjønn (Skåråfjell), Sleivtjønn, Snotjønn, Sautjønn (Nybu) Langetjønn, Øvre Reptjønn, Midtre Reptjønn og Nedre Reptjønn.

Disse vanna er relativt små og har ingen gytemuligheter. Det gjør dem mulige å kunne påvirke - bestandsmessig og kvalitetsmessig.

Sak:

Kultivering av Lifjell – Hvem har ansvaret?

Vi i Lifjellutvalget ønsker at årsmøtet gir utvalget overordnet bestemmelsesrett over utsetting av fisk i de vannene uten gytemuligheter, med det mål for øyet at vi skal utvikle disse vannene, slik at vi igjen får vann med bestand av litt større fisk på Lifjell.

Hilsen, Lifjellutvalget

Etter ei relativt kort drøfting gav årsmøtet einstemmig Lifjellutvalget overordna myndigheit til å fastsetja omfang av utsetjing i dei vatna dei utpeikar, for å utvikla størrelse og kvalitet.på fisken.

Organisering av fiskelag

Formannen skissera grafisk den organiseringa eit fiskelag som vårt bør tilstreba, og som vi trur at vi på det næraste oppfyller. Figuren viste samspelet mellom dei ymse interne og eksterne personar og einingar.

Av interne har vi styret, utvalgsleiarane, utvalga og medlemene, og av eksterne har vi Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunen, vannområdet, grunneiere og grunneierorganisasjoner, reguleringsmyndigheter, fiskekortkjøpere, Lotteritilsynet med fleire.

Etter møtet serverte Bjørnar Nygaard, Gunnar Rønningsland og Sigbjørn Tjønnås velsmakande mat og drikke.

04.03.2020

Svein Mikelborg.